

Geir Hjorthol (red.)

# **Forteljingar om Ivar Aasen**

**Aasen-resepsjonen i fortid og notid**

# Innhald

Ansvarlege utgivare: Høgskulen i Volda, Ivar Aasen-instituttet  
ISBN: 82-7661-068-4  
ISSN: 0807-6243  
Sats: ØS, Høgskulen i Volda  
Omslagsillustrasjon: Astrid Eidseth Rygh  
Trykk: Egset Trykk A/S, 1997  
Distribusjon: Høgskulen i Volda, Avdeling for humanistiske fag,  
postboks 500, 6101 Volda.

*Geir Hjorthol*  
Ivar Aasen? 4

*Stephen J. Walton*  
Om biografien som historiografisk diskurs 13

*Geir Hjorthol*  
På spor etter Aasen-biletet. Anders Hovdens *Ivar Aasen i kvardagslaget* 24

*Stephen J. Walton*  
«So flådde dei Aasen, og lema han sund: hei fara, og lema han sund:  
og boka vog sekstan og tjuge pund». Om å skrive ein lang Aasen-biografi 37

*Kjell Venås*  
Hugsviv frå noko samvær med Ivar Aasen 49

*Jostein Krokvik*  
Ei Aasen-skildring i Aasen-året 61

*Oddmund Løkensgard Hoel*  
«Vi have med Beklagelse seet Ivar Aasens Navn i Spidsen  
for disse Sprogets Babylonere». Reaksjonar på Ivar Aasen 1840-70 71

*Idar Stegane*  
Aasens lyrikk i litteraturhistorier og nynorsktradisjon 85

*Jan Inge Sørbo*  
Portalen til nynorsk-lyrikken 96

*Einar Økland*  
Tid for hylling 109

Om forfattarane 121

Djupedal, Reidar: *Ivar Aasen på Strilelandet*, Bergen 1965.  
Djupedal, Reidar: «Ivar Aasen, mannen og verket», i *Mot-Skrift* nr. 2, 1983,  
Nordisk institutt, Universitetet i Trondheim, s. 1-55.  
Enzensberger, Hans Magnus: *Der kurze Sommer der Anarchie. Buenaventura Durrutis Leben und Tod*, Frankfurt a. M. 1972. Sv. utg. Stockholm 1973.  
Eskeland, Severin: *Vladimir Lenin. Ei stridssoga*, Stord 1929.  
Eskeland, Severin: *Kongens tenar men Guds fyrist. Soga um Thomas More*, Oslo 1944.  
Fagerhol, Jon: *Eit og anna frå samvære med Ivar Aasen*, i *Syn og Segn*, Oslo 1988, s.70-88.  
Garborg, Arne: *Bondestudentar*, Bergen 1882.  
Garborg, Arne: «Ivar Aasen», i *Norske Folkeskrifter* nr. 2, Kristiania 1902. Ny utg. v/Trygve Lande, Bergen 1996.  
Handagard, Idar: *Ivar Aasen*, Oslo 1944. Seinare fl.utg.  
Hovden, Anders: *Ivar Aasen i kvardagslaget*, Oslo 1913. Seinare fl. utg.  
Koht, Halvdan: *Vincens Lunge kontra Henrik Krummedige, 1523-1525*, Oslo 1950.  
Koht, Halvdan: *Olav Engelbriktsson og sjølvstendetapet*, Oslo 1951.  
Koht, Halvdan: *Kong Sverre*, Oslo 1952.  
Krokann, Inge: *Blodrøter*, Oslo 1936.  
Krokann, Inge: *Då bøndene reiste seg*, Oslo 1937. Fotografisk utg. Lillehammer 1994.  
Krokvik, Jostein: *Ivar Aasen. Diktar og granskars, sosial frigjerar og nasjonal målreisar*, Bergen 1996.  
Liestøl, Knut: «Ivar Aasen», i *Syn og Segn* 1913. Eigi bok, *Norske Folkeskrifter* nr. 95, ved Reidar Djupedal, Oslo 1963.  
Kjell Venås: *I Aasens fotefar*. Marius Hægstad, Oslo 1992.  
Venås, Kjell: *Då tida var fullkommen. Ivar Aasen*, Oslo 1996.  
Walton, Stephen: *Ivar Aasens nedre halvdel*, Oslo 1991.  
Walton, Stephen: *Ivar Aasens kropp*, Oslo 1996.  
Årest nye bøker 1996.

Oddmund Løkensgard Hoel

## «*Vi have med Beklagelse seet Ivar Aasens Navn i Spidsen for disse Sprogets Babyloniere*»

### *Reaksjonar på Ivar Aasen 1840-70*

#### **Innleiing**

Ivar Aasen har vore eit symbol for nynorsken og målreisinga heilt sidan han laga landsmålet kring 1850. For målfolket er det å dyrka Aasen det same som å dyrka nynorsken, og for nynorskmotstandarane er Aasen framleis han som påførte norsk ungdom sidemålsstilen. Då Aasen gjekk i grava i 1896, var nynorsken godt på veg til å bli eit bruksmål, og fronten i målstriden i hovudsak etablert der han går i dag. Det kan difor vera lett – kan henda for lett – å overföra biletet av Aasen som ein av dei største skurkane i norsk soge til den tida han sjølv levde. Han må då ha hatt det umåteleg utriveleg?

Føremålet med denne artikkelen er å gje eit grovt oversyn over den offentlege omtala Aasen og arbeidet hans fekk i perioden 1840-1870. Det vil seia i trettiårs-perioden frå han vart engasjert som dialektgranskar av Vitskapsselskapet i Trondheim og til han stod på høgda av den vitskaplege karrieren og den moderne målrørsla var grunnlagd. Utgangspunktet mitt er at me skal vera varsame med å sjå verksemda til Aasen i ljós av seinare målpolitiske motsetnader. Aasen var kontroversiell og møtte målpolitisk motbør, men fekk samstundes mykje og viktig støtte, sjølv frå (seinare) målpolitiske motstandarar. Ålmenta hadde i det heile eit tvifelt tilhøve til Aasen. Det kom i stuttform til uttrykk ved at kultureliten i over 50 år sytte for levebrødet hans Aasen samstundes som mange representantar for den same eliten brukte ikkje så reint lite energi på å stri mot det opposisjonelle nasjonalistiske målreisings-prosjektet som Aasen forma ut for statsløna han fekk.

#### **Når vart «Ivar Aasen» eit kjent namn?**

Den vesle avislesande ålmenta fekk fyrste gongen høve til å bli kjend med Aasen

i september 1841, etter ein lanseringskampanje Aasen ikkje visste om på førehand. Regien stod biskop Jacob Neumann i Bergen bak, og føremålet var å syta for at Det kgl. norske Videnskabers Selskab i Trondheim gav Aasen stipend for å granska målføra, noko han òg fekk. I den seinare so vidgjetne dobbeltartikkelen i *Bergens Stiftstidende* gav Neumann ein panegyrisk presentasjon av Aasen. I tillegg prenta han både sjølvbiografien som Aasen hadde skrive på kommando hjå Neumann, og fortala til sunnmørsgrammatikken som Aasen hadde hatt med til Bergen. Artikkelen vart attgjeven både i hovudstadsavisa *Den Constitutionelle* og *Landboe-Avisen* i Volda.

Mindre viktig ser dei neste skriftstykka av og om Aasen ut til å vera. Etter sterke oppmadingar frå Bugge publiserte Aasen vinteren 1846 den målvitskaplege debutartikkelen sin, «Om en Ordbog over det norske Almuesprog samt en dertil hørende Grammatik» i skriftserien til Vitskapsselskapet. Aasen sjølv klaga året etter over at «dette mit første Arbeide i Sprogsagen ikke har været i stand til at vække nogen Opmærksomhed», sjølv ikkje etter at Bugge hadde reklamert for stykket i *Morgenbladet* i mai 1846 (Walton 1996:118). Det finst soleis ikkje mange skriftlege omtaler av og om Aasen før 1848, og på langferda 1842-46 hadde nok dei færraste Aasen møtte, høyrt om målgranskaren og arbeidet hans. Han klaga sjølv fleire gonger på at ålmugen ikkje såg verdet av dette arbeidet.

Fleire utsegner tyder derimot på at Aasen alt før 1848 var eit velkjent namn mellom dei som interesserte seg for språkvitskap og språkpolitikk. Det kan ikkje ha vore so mange andre enn Aasen den unge filosofen Marcus Jacob Monrad sikta til då han i februar 1842 melde folkeeventyra til Asbjørnsen og Moe. Monrad meinte at «...vor Landalmues Sprog begynder man dog nu at betragte som noget Andet end en hæslig Fordreielse af det skjønne, danske, Skrivtsprog. Publikum har allerede halvtomhalvt faaet Løvte paa en grammatisk Bearbeidelse af en af hint Sprogs Dialekter, hvilken maaskee turde give Exemplet for flere lignende Forsøg.»<sup>1</sup> P. A. Munch føresette òg at lesarane av *Norsk Tidsskrift for Videnskab og Litteratur* kjende til Aasen då han melde grammatikken i det fyrste bandet av tidsskriftet (1848). «Vore Læsere her i Landet er Forf. allerede af Navn og Ry saa bekjendt, at nogen nærmere Omtale af hans Virksomhed og særegne Berettigelse dertil vilde være overflodig.» (Munch 1848:34) Dei språkinteresserte krinsane var ikkje større enn at dei fleste der må ha høyrt om Aasen alt i 1841, og det hjelpte nok bra at språkvitskapsmiljøa både i Bergen, Trondheim og Kristiania var innblanda då Vitskapsselskapet engasjerte Aasen i 1841-42 (Venås 1996:53).

Trass det gode ryktet i viktige miljø etter 1841, står utgjevingane av *Det norske Folkesprogs Grammatik* (1848) og *Ordbog over det norske Folkesprog* (1850) fast som det store offentlege gjennombrotet for Aasen. Arbeidet hans vart no kjent i

vidare krinsar gjennom dei mange positive omtalene i avisar og tidsskrift, og ikkje minst gjennom spreiringa av skriftene sjølve. Grammatikken vart ei etter måten populær bok, og fyrsteopplaget på 500 var utselt etter få år. Aasens framtid som språkgranskare vart tryggja i løpet av 1850 då det vart klårt at styresmaktene ville gje han eit etterhaldslaust statsstipend frå 1851.

For Aasen sjølv skapte det offentlege gjennombrotet ein heilt annan handlefridom ved å gje han ein meir sjølvstendig ståstad i ålmenta. Før han sjølv hadde publisert arbeida sine, kvilte det offentlege omdømet hans heilt og fullt på det som dei språkvitskaplege og kulturpolitiske autoritetane måtte finna på å seia om han. Etter 1848/50 kunne Aasen stø seg til to vitskaplege verk som jamvel vart sers høgt vurderte.

### Geniet frå periferien

To gonger i byrjinga av karrieren var Aasen rett mann på rett stad til rett tid, og dette kan ikkje undervurderast når ein tenkjer på den gode starten som den norske målreisinga fekk. Då den lut leie huslæraren Aasen drog til Bergen i 1841 på leit etter noko meir gjevande å bruka livet til, kom han til eit kulturmiljø som framleis var opprømt etter Rudolf Keysers programmatiske historieverk *Om Nordmændenes Herkomst og Folkeslegtskab* (1839) og folkevisesamlinga til Jørgen Moe (1840). Det hadde nyleg vorte klårt kva kulturskattar bondesamfunnet hadde halde gøynt for eliten, og det store nasjonalromantiske kulturinnsamlingsprosjektet var under utforming. Aasen kunne tilby ei etterspurd teneste som embetsborgarskapet må ha sett på som noko av eit mareritt: Å reisa land og strand rundt i årevis for å granska målføra og på den måten fylla ut eit av dei største hola i kunnskapen om norsk språk, kultur og folkeliv. Den mykje omtala taktiske kløkta til Aasen var stor, men ikkje større enn at han hadde meir tru på herbariet enn på sunnmørsgrammatikken då han drog til Bergen i 1841.

Heller ikkje i 1848/50 var det so reint lite slump inne i biletet. Ikkje kunne Aasen vita då han skreiv grammatikken at revolusjonsvåren 1848 skulle utløysa ei nasjonalromantisk sverming utan sidestykke i den norske eliten. Grammatikken og ordboka kom på det best tenkjelege tidspunktet, og det hadde vore sers interessant å vite korleis desse bøkene hadde vorte mottekte etter 1851/52 då dei rikspolitiske frontane endra seg og det nasjonale brått gjekk av moten og vart kontroversielt.

Kulturgranskingsprogrammet til nasjonalromantikken var årsaka til at Aasen fekk stipend, og nasjonalromantikken var òg den ramma som Aasen og verket hans vart sett inn i då gjennombrotet kom. Det pregar dei lange, detaljerte og innsiktsfulle meldingane til P. A. Munch (1848 og 1850) som nok var dei viktigaste til å gje Aasen autoritet i ålmenta, men vel so eksplisitt vert kulturideologien i nasjonalromantikken uttrykt i dei stuttare og meir populært innretta omtalene. Ein anonym meldar i *Morgenbladet* var i ekstase over at Aasen med 1848-grammatikken

1) *Morgenbladet* nr. 39, 8.2.1842.

hadde «godtgjort, at Norrønasproget endnu lever kraftigen i vore Fjelddale som Norges rette Odelog Eiendom».<sup>2</sup> Han meinte Aasen burde tilsetjast som «Konservator for vort Sprog, omtrent saaledes, som Worsaae i Danmark er bleven ansat som Inspektør for Oldmonumenter i hele Riget». Slik kunne Aasen best syta for «Nationalaandens Vækelse og Uddannelse». Som andre leivningar frå fortida skulle det norske språket setjast på utstilling, og det skulle berre omveges verka inn på språksituasjonen.

Øg på det meir personlege planet levde Aasen opp til den nasjonalromantiske førestellinga om det geniale naturbarnet. Våren 1851 skreiv den danske skribenten og noregsvenen Meir Goldschmidt ein artikkel i det danske tidsskriftet *Nord og Syd* om storspelemannen Myllarguten (Torgeir Audunson) og ein del andre nordmenn, mellom anna Aasen.<sup>3</sup> Utgangspunktet til Goldschmidt var geniomgrepet i romantikken, og han utropte Myllarguten og Aasen til geni på line med «den tidlig afdøde Abel, og adskillige navnløse Folk, Bønder, der sidde hjemme mellom deres Fjelde og engang imellem overraske den Lærde ved de store Skridt, de have gjort ind i den abstakte Videnskab.» Det var ei stor glede for han å sjå kva slike «herlig begavede, dybt tænkende og dog naive Mennesker» i nærbane med naturen og nasjonalanda kunne utretta. Eindanske i same kategori var Rasmus Rask. Artikkelen til Goldschmidt er eit tydeleg og representativt døme på dei rammene som Aasen vart tolka inn i.<sup>4</sup>

Eit mykje omstridd emne i Aasen-litteraturen har vore i kor stor grad Aasen var påverka av nasjonalromantikken. Det ein trygt kan slå fast uavhengig av dette spørsmålet, er at den nasjonalromantisk inspirerte vitskaplege, kunstnarlege og kulturpolitiske interessa for folkekulturen var ein grunnleggjande føresetnad for at Aasen fekk løn frå 1841 og livet ut for å granska folkemålet og ikkje måtte halda fram som huslærar på Sunnmøre. Alt under møtet med biskop Neumann i Bergen i 1841 vart grunnlaget lagt for det nasjonalromantiske bygdegenistempelet som seinare har hefta ved Aasen, eit stempel Aasen sjølv var med på å leggja grunnlaget for med sjølvbiografien sin.

## Reaksjonen mot Aasen i 1852

Dei embetsborgarlege hurrapa for Aasen vart hausten 1852 avløyst av dei fyrste offentlege åtaka på han og landsmålstanken. Ettertida har vore rask til å setja dette i samband med dei orda Aasen skreiv i 1852 då han melde tidsskriftet til Ole Vig

2) «Ivar Aasens ‘norske Grammatik’», *Morgenbladet* nr. 115, 24.4.1848.

3) Tilleggsheftet til 6. band, her etter *Morgenbladet* nr. 131, 11.5.1851 der artikkelen er prenta.

4) Som Arne Apelseth (1996a, 1996b) har synt, har denne tradisjonen overlevd i lett moderniserte former heilt opp til i dag.

og Folkeopplysningsselskapet, *Folkevennen*, i *Norsk Tidsskrift for Videnskab og Litteratur*:

Forholdet imellem de to Sprog er forøvrigt af en saa uheldig Beskaffenhed, at den eneste sikkre Udvei for os vilde være at anlægge en aldeles norsk Sprogform...  
(Aasen 1912 III:47).

Den fyrste striden om landsmålet har fått Reidar Djupedal (1969) til å utropa 1852 til ein «vendekneik» i norsk målstrid.

Aasen hadde ikkje tidlegare sagt tydeleg at det var eit nytt bruksmål han tenkte seg, og det var formuleringa i Folkevenn-meldinga som utløyste striden. Me skal likevel vera varsame med å sjå dette som heile forklaringa. For den som hadde fylgt med, kan det umogleg ha kome som noka stor overrasking at Aasen hadde eit nytt skriftmål i tankane. I «Forerindring» til sunnmørsgrammatikken som Neumann sette på prent i *Bergens Stiftstidende* i 1841, hadde Aasen sagt det sopass klårt:

... dog [burde] Landets eget Sprog ogsaa drages for Lyset; dets Dialekter burde af kyndige Hænder blive skriftlig bearbeidede for at kunne kjendes og sammenlignes, og af denne Sammenligning maatte dannes et nationalt Sprog med en systematisk Retskrivning, hvilket Forfattere, især de, som skrive for Menigmand, kunde holde sig til og læmpe sig efter; hvorved baade Nationaliteten vilde vederfares Ret og en viktig Hindring for Folkets Oplysning bortryddes. (Aasen 1992:60)

Han hadde òg vore inne på dette i fortala til *Det norske Folkesprogs Grammatik*, sjølv om han her var noko meir varsam:

Den Tanke ligger rigtignok meget nær, at man skulde forsøge at danne et Skriftsprog enten efter een af de fortrinligste Dialekter eller efter flere Dialekter i Forening. (Aasen 1848:xi)

Me veit dessutan at Aasen hadde drøfta målreisingsplanane mykje med venen og norrønfilologen Carl Richard Unger ved universitetet, og det er vanskeleg å tenkja seg at iallfall språkvitskapsmiljøet i hovudstaden ikkje visste kva tankar Aasen sysla med.

Knud Knudsen kunne iallfall sjå omrisset av eit tevlande «Parti» i målspørsmålet så tidleg som i 1850 då han skreiv den vidgjetne programartikkelen «Om Norskhet i vor Tale og Skrift»: «[Det ville] ... dog vistnok være meget ønskeligt, om Adskilligt skrives i det nye norske Sprog, som Nogle har tænkt skulde fremgaa umiddelbart af Bygdemaalene» (Knudsen 1850:270). Det einaste moglege forfattaren på dette språket han nemner, er Ivar Aasen.

Når ein les innlegga i målordskiftet kring 1850, vert ein heller slegen av kor open situasjonen ser ut til å ha vore, jamført med den beiske striden frå 1852 og utetter. Ein anonym meldar av 1850-ordboka til Aasen i det konservative hovudorganet *Christiania-Posten*, la i november 1850 vekt på at

Intet Sprog kan være stillesæende. At vort Sprog er i stærk Gjæring er vist; at en Forandring vil ske med den Stilling, hvori Dannelsens og Folkets Sprog for Nærværende indbyrdes befinner sig, er ligesaa vist. Hvorledes denne Forandring derimod egentlig vil skikke sig, kan man ej saa let forudsæ, hvor Roden er fælles og Ligheden saa stor. Men hvad enten Dannelsens Sprog bliver Grundlaget og Folkesproget blot det Paavirkende, eller om Bygdernes Maal vil bryde sig en Vej og selvstændig udfolde sine Kræfter, - er dog et Arbejde som nærværende af uberegnelig Betydning. Man ser, hvad man har, og fuldstændig Kjendskab til, hvad der ejes, er første Betingelse for enhver Bearbeidelse; naar først den tilstrækkelige Kyndighed er erhvervet, vil Bearbejdelsen visselig ej udeblive.<sup>5</sup>

P. A. Munch hadde i slutten av 1840-åra gått langt i å argumentera for eit vanleg norsk bruksmål bygt på målføra (Hoel 1996:250), og lengst gjekk duoen i Vitskapsselskapet i Trondheim, preses Frederik Moltke Bugge og visepreses Olaus Vullum. Vullum må kunna kallast den fyrste landsmålsmannen etter Aasen, og i ei tale i Vitskapsselskapet i 1849 argumenterte han på trygt nasjonalromantisk grunnlag for å etterreisa eit norsk skriftmål. At Vullum såg føre seg eit skriftmål nærmare norrønt enn Aasen tenkte seg, bør me ikkje leggja alt for stor vekt på i denne samanhengen:

Valget bydes os nu visselig for sidste Gang. Naar det gjenfundne Sprog blev – hvad Prof. Munch anseer for en forholdsvis let Sag - ophøiet til Skriftsprog med den gamle Retskrivning, hvilket Opsving skulde da ikke vor hele Almuesundervisning inden kort Tid faa! Vort hele Folk vilde med eet Slag være rykket ganske tæt op til den gamle Tid, ...<sup>6</sup>

Dette kunne Vullum setja på prent i 1849 utan at det kom motlegg.

Bugge gjorde ein praktisk freistnad då han omsette Homers Illiade (1852) til dansk ispeidd ei rad norske målføreord frå ordboka til Aasen. Den nasjonalromantiske bylgja i slutten av 1840-åra hadde i det heile gjort at dei som var positive til ei meir eller mindre radikal oppnorskning stod sterkt, noko som ikkje minst kom til uttrykk i den nye offensiven for eit norsk teatermål frå 1849 (Hoel 1996:95-117).

Målstriden i 1852 var dels ei fylgje av at det kom mange språkpolitisk radikale utspel på ein gong, og dels av at dei konservative no hadde kome til hektene etter den radikale og liberale bylgja i 1848-50. Sumaren 1851 slo det statlege maktapparatet og rettsvesenet til mot thranerørsla medan Stortinget var samla, og den demokratiske og temmeleg radikale parlamentariske opposisjonen gjekk i oppløysing. Dette var ikkje noko særnorsk – i heile Europa var reaksjonen på frammarsj etter at revolusjonsvinden hadde blåse friskt sidan 1848. Tolegrensa for språkpolitiske eksperiment vart mindre, og opposisjonen fekk att for å ha knytt sterke band mellom allmennpolitikk og språkleg og kulturell strid mot dei konservative som høyrde til den mest danskvenlege delen av det øvste borgarskapet. Den målpolitiske reaksjonen retta seg likevel i fyrste omgang ikkje mot Aasen, men mot oppnorskingsfolket som kring 1850 hadde vore dei mest offensive.

Det gjekk mellom anna hardt ut over Illiade-omsetjinga til Wergelands-venen Bugge. Ein annan katedralskule-rektor, konservative Frederik Vibe i hovudstaden, slakta Bugge over fleire nummer av *Christiania-Posten*, og han såg jamvel ein «socialistisk Tendents» i målstrevet til Bugge, noko som ikkje var til å spørja med på ei tid då eit par hundre thranittar sat bak lås og slå (Hoel 1996:156-165). Attåt omsetjinga til Bugge kom det nokre fleire skrifter på oppnorska dansk, Ole Vig og Knud Knudsen byrja å gje ut *Folkevennen* og *Den norske Folkeskole* som dei gjorde til propagandaorgan for oppnorskingslinja, opposisjonsføretaket Den norske dramatiske Skoles Theater opna dørene i Kristiania, og oppi alt dette tok altså Aasen til orde for målreisinga i ei melding av *Folkevennen*.

### Autoriteteten til Aasen

Den motbøra Aasen møtte i 1852 rokka likevel ikkje ved den vitskaplege autoriteteten Aasen alt sat inne med. Det mest materielle uttrykket for den sterke posisjonen til Aasen var at han frå 1851 vart gjort til statsstipendiat utan motførestillingar, og at det aldri seinare var på tale å ta frå han dette stipendet, sjølv ikkje då målstriden var på det kvassaste.

Autoriteteten til Aasen kom til syne på fleire måtar i det offentlege målordskiftet. Ikkje sjeldan vart Aasen påkalla som målvitskapleg sanningsvitne. Ved joletider 1851 gav Nicolai Ramm Østgaard ut boka *En Fjeldbygd* med eit knippe bondeforteljingar og folkelivsskildringar på tynsetmål. I den lett polemiske fortala omtala han Aasen i positive vendingar, men gjorde det likevel klårt at han hadde kome fram til skrivemåten på eiga hand av di han meinte at Aasen ikkje hadde teke omsyn til tynsetmålet og at han ikkje kjende det (Østgaard 1852:xi-xii). Striden om *En Fjeldbygd* vart opptakta til den store målstriden hausten 1852, og meldaren i *Morgenbladet* reagerte mellom anna skarpt på at Østgaard, slik meldaren såg det, einast nemnde Aasen for å stilla sitt arbeid i eit betre lys.<sup>7</sup>

5) *Christiania-Posten* nr. 786, 16.11.1850.

6) *Morgenbladet* nr. 226, 14.8.1849.

7) *Morgenbladet* 20.2.1852.

Då Knud Knudsen og P. A. Munch braka saman i pressa i 1853, freista sameleis bæ to å hindra at den andre kunne ta Aasen til inntekt for sitt målpolitiske syn.<sup>8</sup> Denne bruken av Aasen vart førd vidare av disiplane til Munch i «Hollendar-krinsen» som førte målsynet hans og den samanliknande målvitskapen vidare utetter 1850-åra. Jakob Løkke gav i 1855 ut skulegrammatikken *Modersmaalets Formlære i udførlig Fremstilling*, som var den einaste hugheile freistnaden på å laga ein skulegrammatikk i den historisk-samanliknande tradisjonen. I føreordet gjorde han greie for at han hadde stødd seg mykje på grammatikken og ordboka til Aasen attåt arbeida til Jacob Grimm og P. A. Munch. I avispolemikken med oppnorskingsmennene Knudsen og Vig 1855-57 trykte både Løkke og meiningsfrendane hans Aasen til brystet og freista gjera skiljet mellom Aasen og oppnorskingsflokken så stort som mogleg: «I. Aasen vil noget *helt*; ved Kjedelflikkeri tilfredsstiller han hverken sig selv eller Andre!».<sup>9</sup>

Utetter 1850-åra kunne Aasen, i motsetnad til t d Knudsen, nyta godt av å stå trygt planta i den historiske samanliknande språkvitskapen, som var den tonegjevande retninga i faget. Den prinsipielle avvisinga hans av oppnorskingslina fall i god jord hjå konservative oppnorskingsmotstandarar som Munch, Løkke og Sophus Bugge som her kunne ha god nytte av Aasen sjølv om dei langt frå delte tankane til Aasen om eit nytt fullnorsk bruksmål.

### Strategien til landsmålmotstandarane

Hausten 1858 gjekk landsmålet over frå å vera eit teoretisk til å verta eit praktisk alternativ som løysing på det norske språkproblemet. Aasen sjølv gav ut *Fridthjofs Saga*, omsett frå norrønt, Aasmund O. Vinje byrja å gje ut *Dølen*, Jan Prahl i Bergen gav ut den radikale (og rabiate) språkpolitiske pamfletten *Ny Hungrvekja*, og fleire andre fylgde opp med småstykke på landsmål og forsvarsinnlegg for det nye målet.

1858 vart soleis året då landsmålet miste uskulda. Det var ikkje lenger eit sjærmerande språkinnslag reservert for folkeminne og dikt, men vart halde fram som eit vanleg bruksmål og forsvar med ein kvass og offensiv nasjonalistisk retorikk. Bak landsmålet stod det skrive- og taleføre miljø i Kristiania, Bergen og Trondheim, og det uomstridde midtpunktet var Ivar Aasen.

Bortsett frå åra kring 1860, heldt Aasen seg hovudsakleg borte frå den offentlege målpolemikken. Her skilde han seg mykje frå Knud Knudsen, som var ein svært aktiv og hissig deltakar i målstriden og terga på seg mange motstandarar

på den måten. Like fullt vart Aasen eit problem for landsmålmotstandarane. Namnet og dermed den språkvitskaplege autoriteten hans var alt i 1850-åra uløyseleg knytt til landsmålet.

Hovudstrategien til landsmålmotstandarane vart i denne stoda å freista dra eit djupast mogleg skilje mellom Aasen og resten av målflokkene. Dette var gjerne fylgt av eit syn som sa at landsmålet var greitt i visse typar «naiv» litteratur, som folkelivsskildringar, folkeminne og dikt, men ueigna til meir «seriøse» sjangrar. På denne tida ser det ut til å ha vore språkpolitisk umogleg å bruka dei same negative karakteristikkane om Aasen som dei som var vanlege om Knudsen, Ole Vig og Vinje. I dei landsmålskritiske innlegga er det tvert imot vanleg å støyta på rosande omtaler av Aasen og det språkvitskaplege arbeidet hans.

Dette kom til syne alt i 1852, men vart serleg tydeleg frå 1858. Den leiande landsmålmotstandaren på denne tida, filosofiprofessor Marcus Jacob Monrad, er representativ. Hausten 1858 gjekk Monrad hardt ut mot *Dølen*, og Aasen skreiv svar.<sup>10</sup> Det førte til eit nytt innlegg frå Monrad, som opna med at han ikkje ville «...lade [artikkelen] upaaagtet, væsentlig af den Grund, at den bærer I. Aasens bekjendte, hæderlige Navn». <sup>11</sup> Det var mykje å takka Aasen for: «Devidenskabelige Forskninger, som paa dette Feldt have været anstillede, fornemmelig af *Ivar Aasen*, ere uidentvivl, til Ære for baade ham og Folket og Videnskaben, en sand Berigelse.» Som alt anna frå handa til Aasen var artikkelen «...overmaade velskreven og i Formen saa net og pyntelig, som man vel kan ønske sig, dog synes os i Indhold at være temmelig mager og egentlig kun et Opkog af gamle og meget bekjendte dels Sandheder, dels Daarskaber.» Både no og andre gonger hadde Monrad mykje bra å seia om landsmålet, og han ville jamvel «indrømme, at vi endog kunne tänke os en vis Literatur i Landsmaalet», <sup>12</sup> men berre innanfor «et særeget, saare indskränet Feldt, kun for en vis Art af Folkelivs-Billeder». <sup>13</sup> Landsmålsomsetjinga av *Fridtjofs Saga* som Aasen gav ut i 1858, fall innanfor grensene til Monrad, og Aasens skodespel *Ervingen* (1855) likeeins. «Hiint Landsmaal er med eet Ord væsentlig *umyndigt* og tilhører kun Idyllen», skreiv Monrad i Ervingen-meldinga (Monrad 1855:367), men her høvde det òg framifrå.

Derimot fall *Dølen* definitivt utanfor det gjerdet Monrad sette opp kring landsmålet. Landsmålet og dialektar ålement var nemleg «efter sin Natur bundet til en Særegenhed og ikke frigjort til sand Almindelighed. Anvendt udenfor sin Grændse vil det antage Præget af *Maner* i Ordets slette Forstand, af *Manieerthed*;

8) Knud Knudsen i *Morgenbladet* nr. 101, 11.4.1853, jf T. Knudsen 1923:100 og 103.

9) *Kristians Amtstidende* 29.1.1856, her etter ein artikkel av K. Knudsen i *Christiania-Posten* nr. 2674, 15.5.1856.

10) «Om Sprogsagen», *Illustreret Nyhedsblad* 1858, nr. 45 og 46, òg prenta i Aasen 1912 III:108-128.

11) *Morgenbladet* nr. 326, 25.11.1858.

12) *Morgenbladet* nr. 287, 17.10.1858.

13) *Morgenbladet* nr. 291, 21.10.1858.

...» Å tenkja seg at «Almuesproget skulde blive Nationens almindelige og almengyldige literære Meddelesesmiddel, ... er et Sværmeri, der staar i Strid med alle Kulturudviklingens Love». <sup>14</sup>

På same måten skilde Monrad skarpt mellom målformene til Aasen og Vinje. Aasen hadde laga eit «forædlet, idealiseret Folkesprog», tufta på «et dybt Indblik i Dialekternes almene Væsen og en virkelig Leven ind deri,» og det hadde rett «til at betrages som et organisk Produkt, en Skabning af Folkesprogets egen Genius» (Monrad 1855:366-367). Då var det verre med Vinje, og domen til Monrad er verd nokre liner:

Dette Sprog er saaledes (hvad Thelemarksmalet i sig selv ingenlunde er) væsentlig stygt, fordi det er væsentlig uægte. Det er et Bastardsprog, etslags Lingva franca af Bogsprog og Thelemarksmaal, der æsthetisk betragtet altid bliver en Uting, og som kun kunde forsvarer som en Nødhjælp til at forstaa hinanden, hvis saadan Nød virkelig var tilstede.<sup>15</sup>

Freistnaden på å skilja Aasen frå andre landsmålsfolk, heldt seg som eit vanleg innslag i landsmålsmotstanden. Me støyter t d på det same i dei andre landsmålskritiske innlegga hausten 1858 og i den store og så godt som ukjende målstriden i trondheimsavisene hausten 1862 (Hoel 1996:312-324). Eller som *Bergensposten* skreiv 18.2.1862 på redaksjonell plass etter at det hadde stått eit positivt stykke om eit nyskipa mållag i hovudstaden:

Vi have med Beklagelse seet Ivar Aasens Navn i Spidsen for disse Sprogets Babyloniere. Det gjør os ondt, at han ikke hellere anvender sit Pund til at befæste, end til ydermere at forvirre i en Retning, hvor Forvirringen allerede i Forveien er stor nok.

## Boikott

Striden hausten 1858 gjorde at målfronten feste seg. Den veksande landsmålsflokken samla seg i tettare miljø, og i 1861-62 organiserte dei seg formelt i mållag både i Kristiania, Bergen og Trondheim (Hoel 1996:331ff). Samstundes ser landsmålsmotstandarane i hovudstaden ut til å ha byrja å møta målfolket på ein ny måte, noko som òg råka Aasen.

Den nye lina var å teia målsfolket ihel, og det kom tydeleg til synne ved mottakingane - eller rettare: dei manglande mottakingane - av skriftene på landsmål

14) *Morgenbladet* nr. 287, 17.10.1858.

15) *Morgenbladet* nr. 291, 21.10.1858. Eg har gjort nærmere greie for målsynet og den målpolitiske tilrolla til Monrad i Hoel 1998.

i åra etter 1860. I 1862 tok *Dølen* til å koma ut att etter ein av dei mange pausane, Aasta Hansteen gav ut litteraturantologien *Skrift og Umskrift i Landsmalet*, og Eirik Sommer gav ut *Noregs Saga i Stuttmaal* (231 s) - den største landsmålsboka til då. I 1863 kom *Symra* av Aasen sjølv og *Diktsamling* av Vinje.

I norsk presse vart desse bøkene berre omtala eller meldte i *Illustreret Nyhedsblad*, og der hovudsakleg av bladstyraren Paul Botten-Hansen sjølv.<sup>16</sup> Bibliotekaren, bladmannen og litteraturkritikaren Botten-Hansen var «sjefshollendaren» i Hollendar-krinsen som i 1850-åra var positiv til Aasen og som Aasen sjølv hadde noko kontakt med. Mange i krinsen vart seinare kvasse landsmålsmotstandarar (som Yngvar Nielsen). Det som prega målpolitikken deira i 1850-åra, var først og fremst motstanden mot oppnorskingslina, som mellom anna kom til uttrykk i ein kvass bladstrid med Knudsen og Ole Vig 1855-57. Botten-Hansen var ingen landsmålsmann, men han var ein lojal og ofte positiv kritikar av landsmålsbøkene som kom ut. Som Halvard Grude Forfang har fått fram, såg Botten-Hansen store litterære og språklegekvalitetar i ein del av landsmålslitteraturen som kom ut (Forfang 1990:79-84).

Slik skilde Botten-Hansen seg frå den rådande landsmålskritikken på fleire måtar. Medan andre kritikarar, som Monrad, berre kunne godta landsmålet i skjønnlitteraturen, delte Botten-Hansen ut mykje ros til Vinjes sakprosa (*Dølen* og *Ferdaminni*). Og etter kvart skilde han seg frå alle andre ved å omtala landsmålslitteraturen i det heile. Vinjes *Diktsamling* (1863) måtte få rosande omtale av danskane Carl Rosenberg og Clemens Petersen i danske tidsskrift før boka vart omtalt i norsk presse (Haarberg 1985:42-46). Endå därlegare gjekk det med *Symra* av Aasen som kom same året.

Same lagnaden fekk òg *Norsk Grammatik* (1864). Det kom ei stutt og venlegsinna omtale frå Botten-Hansen med det same boka kom ut,<sup>17</sup> men det var òg alt i 1864. Året etter kom det meldingar av Henrik Krohn (*Aftenblader*), Marius Nygaard (*Tidsskrift for Philologi og Pædagogik*) og Olaf Røst (*Lørdags-Aftenblad for Arbeidsklassen*). Dei var alle tre malmenn og naturleg nok svært positive, men av dei tre var berre Nygaard filolog, og ingen av dei hadde nokon sentral posisjon i vitskaps- og kulturlivet. Kontrasten til mottakinga av 1848-grammatikken er slåande og markerer tydeleg at det målpolitiske klimaet hadde endra seg. Den utskiljinga av ei eiga landsmålsålmente som fører rett inn i skipinga av Vestmannalaget og Det norske Samlaget (1868) er no i full gang. Meldinga til Nygaard var jamvel utstyrt med ein hale der redaksjonen i tidsskriftet tok skarp fråstand frå dei målpolitiske synsmåtane til meldaren, og to dagar etter si melding

16) *Skrift og Umskrift* vart meld av M. B. Landstad. For detaljerte tilvisingar, sjå Hoel 1996:301-302.

17) *Illustreret Nyhedsblad* nr. 14, 3.4.1864.

fekk Krohn eit hissig svar på redaksjonell plass i *Aftenbladet*. «Kann det søma seg at denne merkelege boki ikke verd nemnd», spurde Aasta Hansteen i eit brev til Krohn i februar 1865, og ho la til at «Det er so leidt detta fyre di at Aasen ergar seg myket yver det» (sjå Hoel 1996:326-330).

Den mest forvitnelege og minst kjende meldinga av grammatikken er Olaf Røst si.<sup>18</sup> Meldinga retta seg beinveges mot lærarane som no hadde byrja å interesserha seg for landsmålet, og innhaldet var stort sett ei attgjeving av synsmåtan til Aasen. *Lørdags-Aftenblad* (1860-66) var eit opplysningstidsskrift i filantropisk og grundtvigiansk ånd, og bladstyraren Anthon Bang gjekk i faret etter Ole Vig og *Folkevennen*. Men samstundes var bladet ein reaksjon på den aukande sentrums- og embetsmannsdominansen i *Folkevennen* og Folkeopplysningselskapet på ei tid då bondefødde lærarar tok meir og meir føringa i folkeopplysningsarbeidet. Målpolitisk var bladet først og fremst eit støtteorgan for Knud Knudsen og oppnorskninga, men det inneholdt òg fleire stykke på og for landsmålet (Hoel 1996:222-224).

Mottakinga av *Norsk Ordbog* (1873) stadfeste at det å omtala det vitskaplege arbeidet til Aasen heilt og fullt hadde vorte eit målpolitisk spørsmål. Den einaste skilnaden var at det no kom meldingar i utanlandske tidsskrift.<sup>19</sup> Som i 1864 heldt den målvitskaplege ekspertisen i Noreg seg borte frå å mælda og jamvel omtala boka, og meldingane var skrivne av målfolk. Dei to lengre meldingane stod i *Bergens Tidende* (20.9.73) og *Dagbladet* (Andreas Hølås, februar 1874). Attåt desse og eit par notisar hadde Steinar Schjøtt ei melding i *Andvake* i 1871 etter at fyrste heftet av boka hadde kome. Sams for dei norske meldingane er det at dei er overstrøymande positive til landsmålet, sers varierande i målvitskapleg innsikt og dels kritiske til den strenge normeringa til Aasen (Walton 1996:552ff). Det er lett å slutta seg til Waltons ord om at Aasen langt frå fekk dei meldingane han fortente.

## Avslutning

Den endringa som er skildra ovanfor kan lett knytast til tre årstal. I 1848 fekk Aasen det offentlege gjennombrotet som høgt vurdert språkforskar, i 1858 byrja polariseringa i striden om landsmålet for alvor, og i 1868 vart den språklege og språkpolitiske kløyvinga institusjonalisert med skipinga av Vestmannalaget og Det norske Samlaget. Den fyrste fasen i målreisinga var dermed over. Det var klårt at

landsmålet ikkje ville ville nå fram gjennom dei etablerte institusjonane i samfunnet, og oppbygginga av nynorske motinstitusjonar og strategiske alliansar kom til å prega målreisinga i mange tiår. Målfolket skipa eigne forlag, aviser, tidsskrift, organisasjonar, skular, kaffistover og hotell, bankar og jamvel trygdelag, og saman ført dette til utskiljinga av ei eiga nynorsk ålmemente i tiåra kring hundreårsskiftet. Dette fall saman med at det norske samfunnet gjekk inn i ein lang og samanhengande periode med kvass målstrid som raskt nådde ut i lokalsamfunna gjennom krava om nynorsk skulemål.

I dei tonegjevande delane av kultureliten vart dette fylgt av ei klår dreiling i synet på Aasen, frå ovndring og full støtte i 1840-åra gjennom ei meir lunken, men positiv haldning utetter 1850-åra, open motstand frå 1858 og til presseboikott etter 1860. Vyrdnaden for det vitskaplege arbeidet til Aasen forsvann likevel ikkje, og Aasen vart handsama betre enn dei fleste andre landsmåls- og oppnorskingsfolk. Det kan ikkje berre tilskrivast at han stort sett heldt seg borte frå målstriden og var sakleg og ryddig dei gongane han deltok i han. Alt medan han levde vart Aasen sjølv personifiseringa av landsmålet og målreisinga, og det var han med ein autoritet som ingen greidde (eller ville) ta frå han.

Fredinga kom likevel ikkje til å vara evig. Ei rimeleg hypotese i ei meir fullnøyande gransking av Aasen-resepsjonen må vera å sjå målstriden hausten 1899 som eit vendepunkt. Overgangen er svært stor frå den store og breie hyllinga av Aasen kring avferda i 1896 og til Bjørnsons symbolske og personifiserte åtak på Aasen i Gamle Logen i oktober 1899 då eit jublende hovudstadspublikum fekk høyra «hvor meget tusset almueagtigt der for Eksempl var hos Ivar Aasen» (Bjørnson 1913 II:409). Dette fell karakteristisk nok saman med at landsmålet var i sterk framgang og at motstanden mot målreisinga vart fastare organisert i riksma尔斯rørsla. Men me skal vera varsame med å overføra det negative Aasenbiletet frå 1900-talet til det hundreåret Aasen sjølv levde i.

## Litteratur

Apelseth, Arne (a): *Mellom tradisjon og innovasjon. Utgangspunkta for Ivar Aasens tidlege målstrev*, hefte nr. 2 frå Ivar Aasen-året 1996, Oslo 1996.

Apelseth (b): «Ein europear så god som nokon?», i: *Syn og Segn*, nr. 1, 1996, s. 33-47.

Bjørnson, Bjørnstjerne: *Artikler og taler II*, utgjeve av Chr. Collin og H. Eitrem, Kristiania og Kjøbenhavn 1913.

Djupedal, Reidar: «Ein vendekneik i norsk målstrid. Frå ordskiftet i 1852», i: *Arkiv för nordisk filologi*, 1969, s. 209-234.

Forfang, Harald Grude: *Paul Botten Hansen og hollenderkretsen. Litterat og boksamler i en nasjonal grotid*, skriftserien nr. 84, Oppland distriktskole, Lillehammer 1990.

18) *Lørdags-Aftenblad for Arbeidsklassen*, 10.6., 24.6., 1.7. og 8.7.1865. Korkje Walton eller Venås nemner denne meldinga.

19) Konrad Maurer i *Germania* 1872, s. 235-238, Felix Liebrecht i *Zeitschrift für deutsche Philologie* 1874, 369-374, og ein notis i *Zeitschrift für vergleichende Sprachforschung* 1873 (Walton 1996:553).

- Hoel, Oddmund Løkensgard: *Nasjonalisme i norsk målstrid 1848-1865*, KULTs skriftserie nr. 51, Noregs Forskingsråd, Oslo 1996.
- Hoel, Oddmund Løkensgard: «Marcus Jacob Monrad som målpolitikar», i: *Normer og regler. Festschrift til Dag Gunderson*. (Kjem ut i 1998)
- Haarberg, Jon: *Vinje på vrangen. Momenter til revurdering av en nasjonal klassiker*, Oslo - Bergen - Stavanger - Tromsø 1985.
- Knudsen, Knud: «Om Norskhet i vor Tale og Skrift», i: *Norsk Tidsskrift for Videnskab og Litteratur*, 1850, s. 205-273.
- Monrad, Marcus Jacob: «Ervingen. Sangspil i een Akt. ...» [melding], i: *Norsk Tidsskrift for Videnskab og Litteratur*, 1854-55, s. 366-377.
- Munch, P. A.: «Anmeldelse. Den norske Folkesprogs Grammatik af Ivar Aasen. ...», i: Myhren (red.) 1975:24-38. (Fyrst prenta i *Norsk Tidsskrift for Videnskab og Litteratur*, 1848, s. 282-298.)
- Munch P. A.: «Anmeldelse af Ivar Aasens og C. A. Holmboes Sprogarbejder» [melding], i: Myhren (red.) 1975:39-49. (Fyrst prenta i *Norsk Tidsskrift for Videnskab og Litteratur*, 1850, s. 335-380.)
- Knudsen, Trygve: *P. A. Munch og samtidens norske sprogstrev*, Kristiania 1923.
- Venås, Kjell: *Då tida var fullkommen. Ivar Aasen*, Oslo 1996.
- Walton, Stephen J.: *Ivar Aasens kropp*, Oslo 1996.
- Ostgaard, N. R.: *En Fjeldbygd. Billeder fra Østerdalen*, Christiania 1852.
- Aasen, Ivar: *Det norske Folkesprogs Grammatik*. Kristiania 1848.
- Aasen, Ivar: *Skrifter i Samling III*, Kristiania og København 1912.
- Aasen, Ivar: *Sunnmørsgrammatikkane av Ivar Aasen*, red. Jarle Bondevik, Oddvar Nes og Terje Aarset, Bergen 1992.

Idar Stegane

## *Aasens lyrikk i litteraturhistorier og nynorsktradisjon*

Denne artikkelen skal handle om sider ved resepsjonen av den skjønnlitterære forfattarskapet til Ivar Aasen, først og fremst lyrikken. Omgrepene 'litterær resepsjon' kan dekke mange felt. Det kan være tale om resepsjon i forfattarens samtid og i ettertid. Dei leivningane vi har frå samtidia når det gjeld historisk resepsjon, er særleg den skrivne kritikken. Andre vitnemål kan finnast i brev og dagbøker eller vere nedskrivne seinare i memoarbøker. Seinare kjem òg litteraturhistoriebøkene. Det kjem artiklar, innleiningar til nye utgåver, minne- og hyllingsdikt, gjenbruk i leseverk, songbøker osv. Ettersom Aasen er eit midtpunkt som stridseple i ein stor kulturstrid, har det stor interesse å sjå korleis dei to hovudsidene, knytte til bokmål og nynorsk, har brukt og forstått Aasen. Kva for bilde av han har vorte teikna gjennom bokmåltradisjonen i litteraturhistoriene? Kva «allment» bilde har dette resultert i? Korleis har Aasens litterære forfattarskap blitt brukt og forvalta innanfor nynorsktradisjonen? Er det nokon samanheng mellom dei to måtane å sjå han på?

Eg kjem til å fylge dette med nokre døme frå samtidia til Aasen og fram i mellomkrigstida, i det eg då vil rekne ei tradisjonell Aasen-oppfatning for etablert både på nynorsk-sida, og med Paasche i *Norsk litteraturhistorie* («Bull og Paasche, bd III) på bokmålssida.

Utgangspunktet for å interessere seg spesielt for eit spørsmål som dette i nynorsk lyrikk, er elles den opphavsfunksjonen Aasen har, samstundes som han er så nær. Det var han som forma skriftspråket og han som tok til å dikte på det, og det han gjorde er såleis nøydt til å vere noko som seinare verk står i høve til. «Det går mangt eit menneske / og ser seg fritt ikring / for Ivar Aasens skuld», skreiv Tarjei Vesaas i 1950 (Vesaas 1953).

Jan Inge Sørbø har i ein nyleg publisert artikkel om Aasens lyrikk (sjå nedanfor s. 96) gjort greie for den som «portalen til nynorsk lyrikk». I det òg ligg ei oppfatning av Aasen som ein dei seinare står i forhold til, noko Sørbø også gjer. Uttrykk for ei tilsvarande oppfatning er ein artikkel av Bjarte Birkeland om nynorsk litteratur «etter Aasen» (Birkeland 1986), men den handlar meir om det generelle, og han